



## Saksprotokoll

---

**Organ:** Fylkesutvalet

**Møtedato:** 02.10.2019

---

**Sak nr.:** 17/9544-17

**Internt l.nr.:** 59807/19

**Sak:** 90/19

**Tittel:** Mineralråd

**Behandling:**

**Frå hovudutval for næring og kultur låg det føre slik tilråding til vedtak:  
Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune er innstilt på å delta i eit mineralråd for fylket om dette vert skipa innan utgangen av november 2019. Det er ein føresetnad for deltaking at fylkeskommunen ikkje vert tillagt eit særleg ansvar for rådet, men vert deltakar på linje med dei andre.
2. Fylkesutvalet får fullmakt til å gje endeleg svar på slik deltaking. Dette kan gjerast i desember 2019. Fullmakta omfattar også utpeiking av fylkeskommunal representasjon, samt å yte ev. økonomisk bidrag innanfor den ramma som vert vedteken i fylkestinget sin budsjetterrapport pr. 2. tertial 2019.

**Endringsframlegg:**

**Arbeidarpartiet, Høgre og Senterpartiet** sette fram slikt framlegg som nytt punkt 3. Sogn og Fjordane fylkeskommune oppmodar Vestland Fylkeskommune om å finansiere og følgje opp mineralrådet vidare.

**Avrøysting:**

Tilrådinga frå hovudutval for næring og kultur var samrøystes vedteke. Framlegget frå Arbeidarpartiet, Høgre og Senterpartiet vart samrøystes vedteke.

**Dette gir følgjande endeleg vedtak:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune er innstilt på å delta i eit mineralråd for fylket om dette vert skipa innan utgangen av november 2019. Det er ein føresetnad for deltaking at fylkeskommunen ikkje vert tillagt eit særleg ansvar for rådet, men vert deltakar på linje med dei andre.
2. Fylkesutvalet får fullmakt til å gje endeleg svar på slik deltaking. Dette kan gjerast i desember 2019. Fullmakta omfattar også utpeiking av fylkeskommunal representasjon, samt å yte ev. økonomisk bidrag innanfor den ramma som vert vedteken i fylkestinget sin budsjetterrapport pr. 2. tertial 2019.
3. Sogn og Fjordane fylkeskommune oppmodar Vestland Fylkeskommune om å finansiere og følgje opp mineralrådet vidare.

